



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2007 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 960 569 938
Organisasjonsform: Forening/lag/innretning
Foretaksnavn: DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM
Forretningsadresse: Vestreim
6854 KAUPANGER

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2007 - 31.12.2007

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: GunnIrene Sviggum
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 27.03.2008

Grunnlag for avgivelse

År 2007: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2006: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2007.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 08.09.2008

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund
Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Administrasjonen 75 00 75 09 Telefaks 75 00 75 05
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673



Organisasjonsnr: 960 569 938
DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM

RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2007 | 2006 |
|---|------|-----------|-----------|
| Inntekter | | | |
| Salsinntekter | | 1 017 244 | 855 990 |
| Anna driftsinntekt | | 6 981 577 | 6 084 582 |
| Sum inntekter | | 7 998 821 | 6 940 572 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnad | | 249 615 | 166 652 |
| Lønnskostnad | 5 | 5 555 614 | 4 845 399 |
| Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar | 2 | 4 048 | |
| Annan driftskostnad | 5 | 2 414 719 | 1 983 108 |
| Sum kostnader | | 8 223 996 | 6 995 159 |
| Driftsresultat | | -225 175 | -54 587 |
| Finansinntekter | | | |
| Anna renteinntekt | | 198 612 | 82 075 |
| Sum finansinntekter | | 198 612 | 82 075 |
| Annan rentekostnad | | 14 083 | 11 724 |
| Sum finanskostnader | | 14 083 | 11 724 |
| Netto finans | | 184 529 | 70 351 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | -40 646 | 15 764 |
| Ordinært resultat etter skattekostnad | | -40 646 | 15 764 |
| Årsresultat før minoritetsinteressier | | -40 646 | 15 764 |
| Årsresultat | | -40 646 | 15 764 |
| Overføringer og disponeringar | | | |
| Overføring til/frå annan eige kapital | | -40 646 | 15 764 |
| Sum overføringer og disponeringar | | -40 646 | 15 764 |



Organisasjonsnr: 960 569 938
DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM

BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2007 | 2006 |
|--|------|------------------|------------------|
| EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Innmaterielle egedelar | | | |
| Varige driftsmiddel | | | |
| Tomter, bygninger og annan fast eiendom | 2 | 1 178 000 | 1 178 000 |
| Drifsløusøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande | 2 | 22 941 | 0 |
| Sum varige driftsmiddel | | 1 200 941 | 1 178 000 |
| Finansielle anleggsmiddel | | | |
| Investeringar i aksjar og partar | 3 | 186 530 | 186 530 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | 186 530 | 186 530 |
| Sum anleggsmiddel | | 1 387 471 | 1 364 530 |
| Omløpsmidlar | | | |
| Varer | | | |
| Varer | 1 | 177 300 | 149 000 |
| Sum varer | | 177 300 | 149 000 |
| Krav | | | |
| Andre krav | 1 | 201 896 | 207 778 |
| Sum krav | | 201 896 | 207 778 |
| Bankinnskudd, kontanter og liknande | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og liknande | 1,3 | 7 600 253 | 2 520 833 |
| Sum bankinnskudd, kontanter og liknande | | 7 600 253 | 2 520 833 |
| Sum omløpsmidlar | | 7 979 449 | 2 877 611 |
| SUM EIGEDELAR | | 9 366 920 | 4 242 141 |
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Selskapskapital | 4 | 1 791 497 | 1 832 143 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 1 791 497 | 1 832 143 |



| | | | |
|----------------------------------|-----|------------------|------------------|
| Opptent egenkapital | | | |
| Fond | 3 | 351 387 | 406 720 |
| Sum opptent egenkapital | | 351 387 | 406 720 |
| Sum egenkapital | | | |
| | | 2 142 884 | 2 238 863 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 320 719 | 261 488 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 380 945 | 319 120 |
| Anna kortsiktig gjeld | 2,6 | 6 522 372 | 1 422 669 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 7 224 036 | 2 003 277 |
| Sum gjeld | | 7 224 036 | 2 003 277 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 9 366 920 | 4 242 140 |



Deloitte

Deloitte AS
Fjorevegen 19
Postboks 206
6852 Sogndal
Telefon: 57 67 65 70
Telefax: 57 67 65 71
www.deloitte.no

Til styret i

**DE HEIBERGSKE SAMLINGER –
SOGN FOLKEMUSEUM**

REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for **De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum** for regnskapsåret 2007, som viser eit underskot på **kr 40.646,-** for laget. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg i årsrekneskapen til dekking av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg er anvendt ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og museumsdirektør. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formuen og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av laget si økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg i årsrekneskapen til dekking av underskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal 27. mars 2008

Deloitte AS


Knut Midtun
statsautorisert revisor

Audit • Tax & Legal • Consulting • Financial Advisory

Member of
Deloitte Touche Tohmatsu

Org.nr.: 980 211 282



DE HEIBERGSKE SAMLINGER
SOGN FOLKEMUSEUM

ÅRSMELDING 2007

I. Organisasjon

Frå 01.01.2007 vart De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum omgjort til ei stifting, og den gamle eigarorganisasjonen Historielaget for Sogn lagt ned. Frå same dato vart stiftinga Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand konsolidert inn i denne stiftinga, som ei avdeling.

Den nye stiftinga hadde i 2007 dette styret:

| Representantar | Oppnemnt av | Vararepresentantar |
|--------------------|------------------------------|----------------------|
| Gjert Heiberg | Sogndal kommune | Eline Orheim |
| Erland Fagermoen | Balestrand kommune | Synnøve Balevik |
| Johs Thaulé | Høgskulen i Sogn og Fjordane | Bente Karin Husabø |
| Per Birger Lomheim | Kommunane i Sogn | Björg G. Hovland |
| Knut O. Aarethun | Kommunane i Sogn | Arild Ingar Lægveid |
| Reidar Mykletun | Reiselivsrådet | Ståle Brandshaug |
| Karin Halle | Reiselivsrådet | Merethe Relling |
| Johan Solheim | Historielaget for Sogn | Britt Grimelid Menes |
| Oddhjørn Bukve | Fylkeskommunen | Eva Ramstad |
| Kristian Systad | Dei tilsette | Jarle Hamre |

Styret hadde to møte i 2007

Vedtektene for den nye stiftinga oppretta eit Reiselivsfagleg råd. Hovudoppgåvene til rådet er:

- Å velja to medlemer med personlege varamedlemer til stiftinga sitt styre.
- Å gi fråsegner knytt til drifta av Norsk Reiselivsmuseum. I samband med dette skal rådet få lagt fram for seg budsjett og plandokument for avdelinga Norsk Reiselivsmuseum.

Følgjande endringar i driftsforma ved Norsk Reiselivsmuseum kan ikkje gjennomførast utan godkjenning av rådet:

- Nedlegging av drifta i Balestrand – oppseiing av avtalen med Kvikne's Hotel.
- Endring av museumsavdelinga sitt namn.

Rådet vart konstituert i 2007, med slik samansetjing:

Reidar Mykletun, professor Universitetet i Stavanger, (leiar). Birgittha Sandström, dir. Frettheim Hotel, Halvor Flatland, dir. Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane. Karin Halle, dir. NHO Sogn og Fjordane.



Ståle Brandshaug, høskulelektor Høgskulen i Sogn og Fjordane. Merethe Relling, dagleg leiar
Sognefjord Reiseliv BA

Rådet hadde eitt møte i 2007.

II. Verksemda ved museet

1. VERKSEMMA I LYS AV STATLEGE MÅLSETJINGAR FOR MUSEUM

I Kulturdepartementets løyvingsbrev til musea for 2007 er hovudmåla for museumsverksemda formulert slik:

"Musea arbeider i eit spenningsfelt mellom bevaring og formidling. Departementet føreset at institusjonane freistar å finne ein god balanse mellom dei bevaringsretta og dei formidlingsretta funksjonane. Det er også eit mål at museumsverksemda har eit ankerfeste i forskning.

Med desse underleggjande premissane skal musea leggje til rette for at det blir skapt kunnskap om, forståing for og oppleving av natur, kultur og samfunn på ein måte som viser så vel kontinuitet og endring som samanheng og ulikskap.

Musea skal vera arenaer for kritisk refleksjon og skapande innsikt. Det er eit mål at musea skal fungere som moderne samfunnsinstitusjonar".

Dette hovudmålet er konkretisert i ei rekke føresetnader for tilskot. Vi skal i det følgjande rapportera om verksemda til museet i lys av desse.

1. Økonomi

Økonomien går fram av årsrekneskapen. Museet har ein sunn økonomi. I 2007 gjekk ein med eit årsunderskot på kr 40.646. Hovudtyngda av museet sine inntekter er tilskot frå stat, fylkeskommune og kommunar i Sogn.

Dei samla billettinntektene var kr 267.210. Dette ein liten auke (kr 5.600) samanlikna med det tilsvarende talet i 2006. Sogn Fjordmuseum hadde i 2007, som i 2006 gratis inngang. Dette har generert så stor omsetningsauke på butikk og kafé i museet at det har meir enn kompensert for bortfallet for billettinntektene.

Museet har ikkje teke opp lån eller nytta kassakreditt i 2007.

Etter styret si vurdering gjev resultatrekneskapen og balanserekneskapen fullgod informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Framhald av drifta er lagt til grunn for rekneskapen. Styret meiner at føresetnadene for det er til stades.

2. Miljø og likestilling

Som dei fleste verksemdar er også museet med og ureinar det ytre miljøet. Museet er merksam på dette, og gjer sitt beste for å minimalisera ureininga. All oppvarming skjer med elektrisitet kjøpt frå Sognekraft. Vi føreset at ved vår lokalisering nær vasskraftverk, er dette ein miljømessig god metode. Vi kjeldesorterer også så godt som alt avfall. Museet er lokalisert slik at dei aller fleste besøkande er avhengig av bil for å koma hit. Dette er miljømessig ugunstig, men det er vanskeleg for museet å gjera noko med det.

Verksemda har eit godt arbeidsmiljø. Museet har vore med i prosjektet "Inkluderande arbeidsliv", og sjukefråveret har vore lågt i 2007.

Likestillinga i verksemda vert vurdert som tilfredsstillande. Styret er ikkje kjende med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Det har ikkje vore sett i verk eller planlagt spesielle tiltak i verksemda for å fremja likestilling i 2007.



3. Føresetnader om administrative forhold

Planar

Museet har innsamlingsplan, formidlingsplan for barn og unge, plan for skjøtsel av friluftsmuseet og ein plan for vedlikehald av antikvariske bygningar. Det har vore arbeid med revisjon av desse planane i 2007. Dei vil vera ferdig reviderte i 2008, og då vil det også bli laga ein sikringsplan.

Vedtekter

Museet har vedtekter som settar departementet sine krav.

Nasjonale nettverk

Museet er medlem i to nasjonale museumsnettverk: Samtidsnettverket, og Nasjonalt nettverk for kulturlandskap. Drifta av det sistnemnde nettverket vert leia av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

NASJONALT MUSEUMSNETTVERK FOR KULTURLANDSKAP

Museet har også i 2007 hatt ansvar for drift av det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap. Liv Byrkjeland leier dette arbeidet for museet. Nettverket har om lag 30 deltakarar, og arbeidet i nettverket går godt. Museet har hausta mykje ros for drifta av nettverket. Museumsnettverket hadde ei samling i 2007, på Jærmuseet. På vegne av nettverket er Liv Byrkjeland oppnemnd til medlem av Nasjonal referansegruppe for verdifulle kulturlandskap, i regi av Statens landbruksforvaltning. I eigenskap av nettverksansvarleg har Byrkjeland også halde foredrag på Norges Museumsforbund sitt årsmøte i Loen, og på eit utviklingsseminar i forbundets regi i Norheimsund.

Nettverket har egne nettsider som vert drifta og vedlikehaldne av museet.

Som ein del av arbeidet i nettverket har museet gjennomført eit større prosjekt for utprøving av ulike måtar å driva museal skjøtsel av kulturlandskap. Prosjektet vart gjennomført i samarbeid med Sunnfjord Museum og Nordfjord folkemuseum. Sluttrapport for prosjektet vart levert ABM-utvikling i 2007, men fleire av forsøka er enno i gang.

SAMTIDSNETTVERKET

Museet har også i mange år vore medlem i det nasjonale Samtidsnettverket. No er museet eitt av fleire museum som er med i eit nasjonalt paraplyprosjektet "På sporet av vår tapte samtid", m.a. for "å prøve ut samarbeidsformer i skjæringspunkta mellom kulturhistoriske museum og reine forskingsmiljø". Museet har saman med forskarar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane sett i gang prosjektet "Heimen – i skjæringspunktet mellom det globale og det lokale". Prosjektleiari er konservator Aud Ross Solberg. Prosjektet har vore i arbeid i heile 2007. Rapport skal utarbeidast i 2008, og prosjektet skal avsluttast med ei utstilling i 2009.

Museet har delteke på to samlingar i Samtidsnettverket i 2006, ei i Drøbak og ei på Gardermoen. Prosjektet vart presentert med fordrag på begge desse samlingane.

4. Føresetnader om samlingsforvaltning (innsamling, konservering, utlån)

KATALOGISERING, SIKRING OG BEVARING AV GJENSTANDAR

Dette arbeidsområdet har vore gitt høg prioritert også i 2007. Arbeidet med katalogisering er organisert i eit eige team. Vi nyttar no gjenstandshandsamingsprogrammet PRIMUS til katalogisering. Dei kulturhistoriske musea i Sogn og Fjordane har ein felles PRIMUS-base. Basen er også tilgjengeleg på Internett, gjennom ei web-løysing utvikla av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Ordinært nyinnkomne materiale vert katalogisert fortløpande. I 2007 vart det katalogisert 68 nye gjenstandar (nokre av desse besto av mange einingar, katalogiserte under eitt). Det vart til saman katalogisert 298 gjenstandar. Sjølv om talet på ukatalogiserte gjenstandar såleis gjekk ned, er vi medvitne om at vi har eit stort etterslep av ukatalogiserte gjenstandar. Vi har òg mange gjenstandar som har vore katalogiserte, men som har mista identifikasjonsnummeret. Det vert arbeiddd kontinuerleg og planmessig for å redusera dette etterslepet. Dette skjer parallelt med at slike gjenstandar vert plasserte i nye magasin.

Stordelen av dei nyinnkomne gjenstandane er frå tida etter andre verdskrigen. Både i gjenstandsinnsamling



og dokumentasjon legg museet stor vekt på samtid og nær fortid. Svært mange av dei nye gjenstandane er komne til museet som gåver. Vi er takksame for den velviljen og omtanken folk syner ved å tilby museet å overta gamle eigneluter. Museet vil takka alle som gav gåver til museet i 2007.

Museet arbeider kontinuerleg med å konvertera den gamle manuelle gjenstandskatalogen inn i den digitale gjenstandsdatabasen. Det inneber manuell innskriving av katalogdata. Ei deltids engasjementsstilling har vore øyremerkt til dette arbeidet i 2007. Dette året har 1500 katalogkort vorte konverterte. I tillegg har det vore gjort mykje opprettingsarbeid og kvalitetssikringsarbeid i katalogane. Det står att 6514 katalogkort før heile gjenstandskatalogen er digitalisert.

Museet har også teke på seg å lagra naturhistoriske prøvar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Så langt har ein teke mot og katalogisert 7425 vitenskaplege prøvar.

17. og 18. oktober var museet vertskap for eit sikringsseminar i regi av Norges Museumsforbund sitt sikringsutval. Fleire av museets tilsette deltok på seminaret, og store delar av museet vart gjennomgått med omsyn til sikringsproblematikk. Dette var svært nyttig. Det hjelpte oss til å identifisera sikringsproblem og la grunnen for å utarbeida ein sikringsplan for museet.

Hausten 2007 hadde museet også ein gjennomgang av alle faste utstillingar med to tekstilkonservatorar frå Museumssenteret i Salhus. Dette gav oss mange nyttige innspel til forbetringar, og mykje har vorte utbetra. Museet har ikkje sjølv konserveringskompetanse, og vi nyttar difor konserveringstenester frå Museumssenteret i Salhus. Ei dåpsbleie er levert dit for konservering i 2007.

Det har også vore utført mykje arbeid med ordning og rydding i museet sine magasin, m.a. slik at gjenstandars magasin plasseringar er optimaliserte i forhold til dei klimatiske tilhøva i kvart einskilt magasin.

Museet har stadig ein god del gjenstandsmateriale magasinert i ein gamal utstillingsbygning frå 1932, på det gamle museumsområdet i Amla. Her står også att to antikvariske bygningar. Styret for museet vedtok i 2007 ein plan for å flytta alt materialet ut frå den gamle museumsbygningen, og flytta dei antikvariske bygningane. Planen går ut på at alt dette skal vera ferdig i 2010.

KATALOGISERING OG BEVARING AV BØKER

Museet har eige bibliotek med mykje verdfull litteratur, som både har lokal og nasjonal interesse. Det har i 2007 vore kjøpt tenester tilsvarande ei 20% stilling frå Sogndal bibliotek til drift av biblioteket, og ein har ein felles bokdatabase saman med Sogndal bibliotek, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, grunnskulane i Sogndal og Sogndal vidaregåande skule. Denne ligg på Internett. Det vert arbeidd kontinuerleg med å leggja boksamlinga inn i denne basen. I 2007 er det katalogisert 685 bøker. Dette omfattar både nyinnkjøp og bøker i biblioteket som tidlegare ikkje har vore katalogiserte i basen. Forutan den interne bruken og bruk av lesealen, driv biblioteket også utlån. Dette innbefattar m.a. ein god del fjernlån, som eit resultat av at bibliotekskatalogen er tilgjengeleg på Internett.

Norsk Reiselivsmuseum har eit bibliotek med berre lokalt utlån av bøker. Ikkje alle er registrert ennå. I 2007 fekk museet overta 762 bøker med hovud vekt på reiselivsfaglege litteratur frå Balestrand folkebibliotek. Dette gav eit fint tilfang til museet sitt bibliotek. Planen er at museet skal gå inn under same ordning som DHS-SF i 2008.

KATALOGISERING OG BEVARING AV FOTO

Museet samarbeider med Fylkesarkivet om fotobevaring gjennom ein felles fotodatabase for Sogn og Fjordane. Så godt som alle museets glasplater er digitaliserte og magasinerte i spesialmagasin ved Nordfjord folkemuseum. I 2007 har Luster sogelag arbeidd mykje med å samla inn og registrera opplysningar til bilete i to av museet sine glasplatesamlingar (samlingar etter Johan Runohr Døsen, og fotograf Samson Brathole). Arbeidet har vore svært vellukka.

BEVARING AV BYGNINGAR

Museumshandverkarane sitt arbeid med bygningar har i 2007 vore konsentrert om Glaværstova og Vik prestegard. Begge desse bygningane vart flytta til nye lokalitetar i 2005, men ingen av dei er opna att for publikum. I Glaværstova er store delar av ein tømmervegg skifta ut, og store utbetringar er gjort på taket.



Her er det meste nytt. Det er planen å gjenopna Glaværstova i 2008.

Det er eit meir omfattande arbeid å gjenopna Vik prestegard. I 2007 er har det vore arbeidd med taket. Stordelen her vert nytt. Arbeidet er ikkje fullført.

Det var gjennomført ei synfaring på dei tre antikvariske bygningane som Norsk Reiselivsmuseum har ansvaret for i Balestrand.. (Ein av desse er museets eigedom, to andre disponerer ein gjennom ein langsiktig forvaltningsavtale, som gir museet vedlikehaldsansvar for bygga.). Det vart skifta ut ein del takstein på Cooperhuset..

Det har også vorte gjort vedlikehaldsarbeid på Det Heibergske Familiemuseum sin bygning i Amla. Dette er eit vedlikehaldsansvar museet har så lenge ein brukar det gamle museumsområdet i Amla.

Tilstanden på naustet på museet sin eigedom i Eidet er ikkje god, og det har vore utført noko "naudsarbeid" her i 2007. Det har vore gjennomført årleg tilsyn på saga på Tingstad.

Museet er medvite om at ein har eit etterslep på vedlikehald av bygningar, og det er laga ein plan for vedlikehald av dei antikvariske bygningane

Det har ikkje vore utført større vedlikehaldsoppgåver på driftsbygningane i 2007. Vi hadde ein takekasje som vart utbetra av eigen vaktmeister. Museet har oppretta ein eigen prosjektkonto med eit fond for slikt vedlikehald. Det er i 2007 vorte sett av kr 400.000 til framtidig vedlikehald av driftsbygningar. Styret meiner avsetninga er tilstrekkeleg.

UTLÅN OG UTLEIGE.

Museet legg til rette for utlån og utleige av kunst- og kulturgjenstandar til bruk i forskning og formidling, når bevarings- og sikringsforholda er godt ivaretekne. Utlån har hatt lite omfang i 2007.

5. Føresetnader om formidling

GENERELT

Museumsanlegget på Vestreim har vore opne heile året. Hovudsesongen har vore frå 1. mai til 30. september. Då er friluftsmuseet opne, og museet var opne alle dagar. I tida oktober – april er bygningane i friluftsmuseet avstengde, men området er tilgjengeleg. Utstillingane i hovudbygningen er opne heile året. I tida oktober-april har det ikkje vore teke inngangspengar på museet. Sogn Fjordmuseum var opne i månadene juni – august. Her var gratis inngang.

Grunna byggearbeid ved Kviknes Hotel sin kongressal og 1. byggesteg av Norsk Reiselivsmuseum sitt nybygg, har det ikkje vore utstillingar i museets regi dei antikvariske bygningane i Balestrand, då desse vart blokkert av bygningsarbeidet. Det har vore kunstutstillingar i Cooperhuset, i samarbeid med Balestrand kunstlag

Museet har arbeidd medvite for å nå ut til eit størst mogleg publikum, m.a. med ei rekke arrangement for ulike målgrupper.

BESØKSTAL

Museets hovudanlegg på Vestreim hadde 16 347 besøkande i 2007, (15 085 i 2006). Sogn Fjordmuseum hadde 8076 besøkande i 2007, (6500 i 2006). Det "gamle" Sogn Folkemuseum sitt samla besøkstal var såleis 24 423, (21 585 i 2006). Totalt auka såleis dette besøket med 13,1 %. Besøket på hovudanlegget på Vestreim auka med (8,4%), medan besøket ved Sogn Fjordmuseum auka med 24,2%. Det er ikkje tvil om at gratis inngang på dette museet også har auka innteninga. Salsinntektene ved museet auka så mykje at det meir enn kompenserte for bortfall av billettinntekter.

Besøkstala baserer seg i all hovudsak på billettsal og andre direkte registreringar. Vi veit at museumsområdet er mykje brukt som tur- og rekreasjonsområde, både i og utanom museet si opningstid. Dette har vi teke noko høgde for, men vi reknar med at det reelle talet på brukarar av museet er høgare enn dette.



Norsk Reiselivsmuseum hadde ikkje egne utstillingar i 2007, men kunstutstillingane i Cooperhuset i samarbeid med Balestrand kunstlag hadde 2114 besøkande. Besøkstala ved Norsk Reiselivsmuseum var såleis uvanleg låge i 2007, grunna dei spesielle omstenda med bygging.

FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Det samla talet på barn og unge som vitja museet var 5 675 (4 982 i 2006). Av desse var 887 på organiserte besøk frå barnehagar og 2 046 på organiserte besøk frå skular. Samla var deltakinga på organiserte opplegg for skular og barnehagar 2 933, mot 3195 i 2006.

Formidling til barn og unge, både i skule og barnehage er høgt prioritert i museet. I 2006 vart det tilbydd eit breitt sett med skuleopplegg, tilpassa læreplanane.

I 2007 hadde vi faste skuleopplegg med følgjande tema:

Eventyr og leik

Gammaldags skuledag med vinterleik

Ull – klippa og karda, spinna og spøta

Vatn – livsnødvendig, mangfaldig og farleg.

Kvaster på såret (i samband med vandretstilling med same namn)

Arkitektur og byggeskikk

Liv og tru i mellomalderen

Nyttevekstar og plantefarging

Gardsarbeid og tradisjonsmat

Jul, tru og tradisjon.

Det vart arrangert egne Barnehagedagar, der alle barnehagane i distriktet vart inviterte. Tilbakemeldingane frå brukarane på desse opplegga har vore svært gode. Museet legg vekt på *aktivitetar* i formidlinga til barn og unge. Vi meiner det er viktig at elevane ikkje berre får *sjå og høyra*, men at dei også får lukta, smaka og oppleve gjennom å *gjera* ting.

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Museet leverte i 2007 tre utstillingskassar til Den kulturelle skulesekken, som del av eit undervisningsopplegg knytt til ei teaterframvisning "Farleg leik". Opplegget turnerte til skular i Sogn. Elles har ikkje museet hatt spesielle løyvingar frå Den Kulturelle Skulesekken, men også i 2007 har fylkesorganisasjonen av "skulesekken" sett av ein pott til reisestøtte til museumsbesøk. Museet administrerer ordninga. I utgangspunktet skal potten dekkja gratis reise til museet for opp til to årskull i grunnskulen i kvar kommune. All reisestøtte vart nytta

UTSTILLINGAR

Museet presentert fire temporære utstillingar:

"Kvaster på såret". Dette var ei vandretstilling, laga av Tromsø Museum, som vart supplert med lokale eksemplar, henta frå museums sine samlingar. Utstillinga tok for seg mange av dei mest kjende, men og ukjende planter, tre og bær som har vore nytta i folkemedisin dei siste fire hundre åra. Utstillinga stod frå 5.mai til 3. juni.

"Norwegian/American Art Exhibition" var ei utstilling initiert av ei gruppe amerikanske kvinnelege målarar som var i Sogn og måla sommaren 2005. Utstillinga synta motiv frå distriktet, sett gjennom utanlandske auge. Gjert Heiberg stilte også ut arbeid på denne utstillinga. Ho var open frå 5. juni til 15. august..

"Aase Kvikne Bjordal, Måleri og grafikk 1965 - 1997" var ei kunstutstilling med arbeid av Åse Kvikne Bjordal frå Balestrand. Museet viste den i samarbeid med Sogn og Fjordane kunstmuseum. Utstillinga stod frå 7. juli til 2. september.

"Engasjert", var ei eigenprodusert utstilling med utgangspunkt i prosjektet STRIKK 7, som museet tok del i. Utstillinga inneheldt fleire komponentar: "Strikkeminne", der vi hadde lånt inn strikka plagg som det knytte seg historier og minne til, ein kunstinstallasjon i strikk av kunstnaren



Samira Jamouchi og ein større seksjon strikkeinstallasjonar og fotografi av elevar frå Sogndal ungdomsskule. Utstillinga stod frå 2. september til 31. oktober.

I tillegg var Norsk Reiselivsmuseum medarrangør av fem kunstutstillingar i regi av Balestrand Kunstlag.

ÅRBOK FOR SOGN

Årbok for Sogn har fram til 2006 vorte utgitt av Historielaget for Sogn, men alt arbeid har vore utført av museet. Då Historielaget var lagt ned overtok museet det formelle utgjevaransvaret for årboka i 2007. I praksis har alt arbeid med årboka gått som før. Dette var berre ei formell endring, som knapt var merkbar for lesarane. Årbok for Sogn er ein viktig del av museet si formidlingsverksemd, og museet legg mykje arbeid ned på årboka. Trykking og distribusjon vert dekkja inn av abonnementsinntekter og anna sal. I 2007 var reiseliv hovudtema i årboka. Årboka har 619 tingarar, og bytesamband med 54 institusjonar. Årboka vert også distribuert gjennom laussal i mange kommunar i Sogn. redaktør or Årboka var Aud Ross Solberg.

DIGITAL FORMIDLING

Museet har også i 2007 delteke i det store IKT-prosjektet "Nettbasert kultur og kunnskapsformidling i Sogn og Fjordane". Museet bidrog i år med ein del artiklar til "Kulturhistorisk atlas og leksikon" knytt til gjenstandar i museets samlingar. Dette var artiklar om hovudplagg for kvinner, og Bjørg Hovland var engasjert for å skriva artiklane. Det er linkar frå relevante katalogkort til artiklane, og omvendt.

Elles var audioguiden som vart utvikla i 2006 i bruk gjennom heile sesongen og det vart gjennomført ei brukarundersøking om korleis denne fungerte. Undersøkinga dokumenterte at tenesta fungerte godt. Ho er enkel å bruka, og gav brukarane større utbytte av museumsbesøket.

Dei nye heimesidene på Internett som vart lansert i 2006 er vorte forbetra og vidareutvikla i 2007.

ARRANGEMENT

Museet har også drive formidling gjennom ei rekke spesielle arrangement, og ein har medvite lagt opp til ulike typar arrangement for å ha eit tilbod til folk med ulike interesser. Det er eit mål å gjera museet til ein naturleg møtestad, og til ein stad folk vert vande med å oppsøka. Å gjera museet til ein arena der det ofte er aktivitetar av ulikt slag, er også ein god måte å synleggjera museet på i regionen. Dette har vore ein medviten strategi gjennom fleire år, og vi ser at den verkar.

Museet har hatt desse arrangementa i 2007:

Opne arrangement

| | |
|---|---------------|
| Spøt-midti-i-veka. Strikkekafe. 24. januar | 40 besøkande |
| "Tre tylar" Olav Stedje, Finn Tokvam og Halvor Folgerø kastar lys over sogningane. | 240 besøkande |
| Vinterdag, med samlartreff og uteleik | 400 besøkande |
| Spøt-midti-i-veka. Strikkekafe. 21. februar | 40 besøkande |
| Spøt-midti-i-veka. Strikkekafe. 28. mars | 30 besøkande |
| Spøt-midti-i-veka. Strikkekafe. 25. april | 40 besøkande |
| Utstillingsopning - "Kvaster på såret", 5. mai | 3 besøkande |
| Urte- og staudedag, 2. juni | 470 besøkande |
| Akvarellverkstad 4- 5 juni | 20 besøkande |
| Utstillingsopning "Norwegian/American Art Exhibition", 8. juni | 20 besøkande |
| Sivlekveld, med Britt Synnøve Johansen, Johan Egdetveit, Finn Tokvam og Halvor Folgerø 9. juni | 170 besøkande |
| Villblomst dagen | 26 besøkande |
| Slåttedag, 14. juli | 200 besøkande |
| Olsok i Kaupanger, samarbeid med Amiabukti grendalag, 28. og 29. juli | 150 besøkande |



| | |
|---|---------------|
| Museums- og husflidsdag, samarbeid med Sogndal og Luster husflidslag, 2. september | 680 besøkande |
| Internasjonalt kulturmøte på museet. Del av Internasjonal veke i Sogndal, 26. september | 450 besøkande |
| Spøt-midti-i-veka. Strikkekafé, 31. oktober | 30 besøkande |
| Spøt-midti-i-veka. Strikkekafé, 28. november | 25 besøkande |
| Førjulskveld, 12. desember | 310 besøkande |
| Førjulskveld 19. desember | 530 besøkande |

Det var til saman 3875 deltakarar på opne arrangement i museets regi i 2007, mot 3.590 i 2006. I tillegg til dette hadde museet fleire lukka arrangement med mange besøkande, og både Leirmostova og museets kafé har ved fleire høve vore leigd ut til middagar, møte eller andre arrangement i regi av andre.

ANNA FORMIDLING MUSEET

Kvar onsdag i juni, juli og august var det demonstrasjonar av tradisjonelt gardsarbeid og handverk på museet. Mange gode hjelparar stilte opp desse onsdagane og hjelpte til med denne formidlinga, saman med museet sine egne tilsette. "Museums- onsdagane" – som desse dagane vart kalla – vart marknadsførte og godt innarbeidde hjå publikum. Museet hadde høgare besøk på desse onsdagane enn på dei andre vekedagane.

Desse "museums- onsdagane" vart kombinerte med servering av tradisjonelle middagsrettar, laga av lokale råvarer.

Gjennom heile 2007 laga museet også ein "Museumsquiz" i Sogn Avis kvar laurdag. Kvar veke vart det presentert foto av ein gjenstand frå samlinga, med tre ulike svaralternativ. Museet sin logo har vore fast i presentasjonen.

INTEGRERING AV NATURHISTORIE I DEI KULTURHISTORISKE MUSEA I SOGN OG FJORDANE.

Museet har arbeidsgivaransvar for ei fellesstilling for dei kulturhistoriske musea i fylket, med ansvar for å integrera naturhistorie i dei kulturhistoriske musea. Det er laga ei eiga årsmelding for dette arbeidet. Liv Byrkjeland, som sit i denne stillinga, har i år hatt ansvaret for planlegging, organisering og montering av vandrestillinga "Kvaster på såret", som vart vist ved alle dei fire kulturhistoriske musea i fylket. Vidare har ho utarbeidd ein samla plan for realfagsatsing ved dei same musea, og arbeidd med å laga ein tidsakse, til bruk i for alle musea. Musea har også, regi av Byrkjeland vore deltakarar og bidragsytarar til eit stort etter- og vidareutdaningsopplegg for lærarar Sogn og Fjordane "Naturfag til glede og nytte".

I tillegg har ho arbeidd med spesifikke prosjekt for kvart av musa. For DHS-SF sitt vedkomande har dette m.a. vore arbeid med vedlikehald og vidareutvikling av naturhistoriske aktivitetsløyper på museet, arbeid for å integrera naturhistorie i Sogn Fjordmuseum, og i samband med dette arbeid med eit større prosjekt i regi av Sogn Regionråd, for å setja større fokus på fjorden og fjordkulturen. Stillinga har også i 2007 stimulert både naturhistoriefeltet, samarbeidet mellom musea og samarbeidet mellom musea og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

FØLGJEKORT

Museet aksepterer ordninga med følgjekort, slik at innehavar av følgjebevis for funksjonshemma som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement får rett til gratis billett for følget sitt.

ANNA TILRETTELEGGJING FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Museet er delvis lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne. Vi har heis oig toalett for funksjonshemma i hovudbygningen. To av tre plan i Sogn Fjordmuseum er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Det er og muleg å koma fram med rullestol til dei fleste antikvariske bygningane, men stort sett uråd å koma inn i dei.

6. Mangfaldsåret 2008

Då FN-sambandet arrangerte si Internasjonal veke i Sogndal i september 2007, vart museet ein sentral medspelar og stod som arrangør av det som i ettertid vart evaluert som det mest vellukka arrangementet



under veka. Det var eit internasjonalt kulturmøte, der vi tok i bruk heile museet og laga eit program der vi kopla norske og internasjonale musikarar, poetar og dansarar. Programmet var laga i nært samarbeid med Karl Seglem, som var kunstnarleg ansvarleg for den internasjonale veka. På bakgrunn av dei kontaktane museet knytte og den erfaringa ein vann gjennom dette arrangementet, har museet lagt planar for korleis museet vil markera mangfaldsåret. Ein grunntanke her er å setja i verk tiltak som stimulerer folk med framandkulturell bakgrunn å koma til museet og ta del i museets ordinære arrangement, og på den måten bli integrerte med vårt faste norske publikum. Vi vil og trekka personar med framandkulturell bakgrunn inn i planlegginga av ulike arrangement. Vi prøvde konseptet ut på to førjulskveldar i 2007, der vi m.a. hadde afrikansk dans som eit programinnslag.

7. Immateriell kulturarv

Museet er kjend med UNESCO-konvensjonen om den immaterielle kulturarven. Arbeid med immateriell kulturarv har alltid vore ein del av museets verksemd. Spesielt har ein vore oppteken av å ta vare på gamle handverksteknikkar, og arbeidsmåtar knytt til det føriindustrielle jordbruket. I 2007 har dette m.a. gitt seg utslag i ein serie strikkjekafear, "Spot-midt-i-veka" i utstillinga "Engasjert", og i ein serie av "Museumsdagar" der tradisjonsberarar i ulike handverk vart inviterte til museet for å syna sine arbeidsteknikkar. I samband med slike dagar laga museet videodokumentasjon av korleis ein bitt trøheser, og korleis ein lagar riskostar ("soplimer"). Tradisjonsberarar var også på museet og lauva, og gav opplæring til studentar i landskapsforvaltning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Desse aktivitetane er også med å styrkar kompetansen til museet sin eige stab.

2. RAPPORT OM VERKSEMMA ELLES

NORSK REISELIVSMUSEUM

Ein stor del av arbeidet ved Norsk Reiselivsmuseum har også i 2007 gått til arbeid med planlegging av museumsbygg. Eit første byggesteg for museet vart bygd i 2007, i regi av Kviknes Hotel. Bygget var opphavleg planlagt som magasin, men vart overtek som råbygg i 2008, fordi heile byggeprosjektet vart endra. Eit skisseprosjekt utarbeidd av arkitektfirmaet Snøhetta måtte leggjast til side i januar 2007, då Snøhetta ikkje lenger fann å kunna delta i det vidare arbeidet med prosjektet, då mykje vart endra i Kviknes Hotel sine planar. I mars fekk museet vederlagsfritt overdrege ein ny tomt frå Kviknes Hotel, vegg i vegg med museets første byggesteg. Tomta er sjøveigande og tinglyst. Det vart lyst ut konkurranse med forhandling for arkitektar og konsulentar og utvikla eit forprosjekt med kostnadsverslag for eit komplett museumsbygg. Konkurransen for arkitektar vart vunnen av firmaet Askim Lantto Arkitekter A/S og for konsulentar av Nordplan AS. Forprosjektet var ferdig ved årsskiftet. Det vart også sett i gang konkret arbeid mot Statsbygg og Kultur- og kyrkjedepartementet for å greia ut alternative måtar å realisera bygget på. Det vart arbeid vidare med dette i 2008. Målet er å kunna starta bygging i 2009. Prosjektleiar for utbygging av Norsk Reiselivsmuseum er Inger Marie von der Lippe, som og er avdelingsleiar for dette museet.

Grunna byggeverksemd ved Kviknes Hotel hadde museumsområdet på kaien i Balestrand eit slikt anleggspreg sommaren 2007, at det var uråd å ha museal aktivitet i museet sine bygningar der. Museet har i fleire år hatt eit samarbeid med Balestrand kunstlag for visning av kunstutstillingar i Cooperhuset. Det vart gjennomført 5 utstillingar frå mai til september i regi av kunstlaget. Vi leiger ikkje ut, men subsidiierer kunstlaget, slik at utstillingane er samarbeidsprosjekt mellom museet og kunstlaget. Kunstlaget heldt oppe 2 timar seks dagar i veka og hadde 2114 registrerte besøk. Det vart i alt utført 490 dugnadstimar.

På den faglege sida har det vore arbeid med å førebu eit større intervjuprosjekt med "seniorar" i norsk reiselivsnæring. Det er søkt Innovasjon Norge om støtte til dette prosjektet.

Det har også vore arbeid med å førebu arbeidet med ein metadatabase for reiselivshistore. Museet har fått oppdatert eit teknisk og fagleg opplegg for ein slik base. Det vil bli arbeid vidare med dette for å søka ABMU om prosjektmidlar hausten 2008.

Frå 1. oktober var Mary Ann Menes engasjert som medarbeidar ved museet, som lekk i eit arbeidstreningssopplegg samarbeid med NAV.



FRILUFTSMUSEET OG GARDSDRIFTA

Også i 2007 hadde museet gardsdrift, med husdyr, åkerbruk, grasslått og lauving. Det vart sett inn mykje arbeidskraftressursar i vårarbeidet på friluftsmuseet i 2007. M.a. utført omfattande rehabiliteringsarbeid på dei to leikeplassane, og det vart sett opp att mykje nye gjerde. Det vart også set inn ekstra ressursar på stel og skjøtsel av hagar og bed, m.a. på museet sin eigedom Elvhaug.

Elles har gardsdrifta og friluftsmuseet vore drive som vanleg

MUSEUMSEIGEDOMEN I EIDET

Som eit resultat av det ABMU-finansierte prosjektet "Museal skjøtsel av kulturlandskap" har det også i 2007 vore drive forsøk med effekten av ulike slåttemetodar på innmarka i Eidet. Dette er eit samarbeidsprosjekt med HSF. Elles har eigedomen vore brukt til beite og slåttemark.

MUSEUMSKAFEEN OG MUSEUMSBUTIKKEN

I museumskafeen starta vi i 2007 eit nytt til bod med middagsservering av kortreist tradisjonsmat. Vi hadde middagsservering kvar onsdag i sommarsesongen, og den siste onsdagen i månaden i vintersesongen. Tiltaket var vellukka, særleg om sommaren, og bidrog til omsetningsauke for kafeen (om lag kr 314.000 i 2007 mot 230.000 i 2006). Museumsbutikken har vore drive etter same mal som i tidlegare år. Han hadde ein omsetningsauke på om lag 12% frå 2006 til 2007. Kafeen og butikken er gode og nødvendige tilbod til dei besøkande, og gir også brukande avkastning, om vi ser bort frå personalkostnadene.

INDUSTRI – OG ARBEIDARKULTUR

I Sogn og Fjordane fylkeskommunen sin museumsplan frå 2006, fekk museet eit overordna fagleg ansvar for industri- og arbeidarkultur. Museet har så langtr ikkje klart å ta skikkeleg tak i dette arbeidsområdet. I 2007 har ein likevel delteke i planlegginga av 100-årsjubileet for aluminiumsverket i Stongfjorden, (som var det første i Norden), og ein har delteke på synfaring i regi av NVE i samband med avslutninga av Hydro Energi si kraftutbygging i Tyadalen i Årdal, knytt til landskap og kulturminne.

MUSEET OG REGIONEN

Dei 9 kommunane som museet har ansvar for gir viktige bidrag til museet si driftsfinansiering.

Museet var i 2007 representert i ei faggruppe for verneområdet på Lærdalsøyri, i styret for Norsk Villakssenter, og i generalforsamlinga til Norsk Fruktmuseum. Museet har også arbeidd saman med sekretariatet i Sogn Regionråd, for å utvikla eit prosjekt "Leidang" for å stimulera til å vare på båtbyggjartradisjonar og til auka bruk av fjorden.

HOSPITANT

Jenny Hawke, styrar ved Zululand Historical Museum, Eshowe i Sør Afrika hospiterte ved museet ei veke frå 15. til 19. oktober. Hospiteringa vart oppsummert som vellukka både av museet og av Hawke. Hospiteringa kom i stand via Sogndal kommune, som har Eshowe som venskapskommune.



III. Tilsette ved De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum 2007

Fast tilsette:

Anna Jorunn Avdem
Liv Byrkjeland
Elisabeth Dahle
Gunnar Dalaker (frå 01.04.07)
Aage Engesæter
Jarle Hamre
Odd Dagfinn Lereim
Lilli Huang
Inger Marie von der Lippe
Jan Arve Lund
Norunn Lund
Aud Ross Solberg
Kristian Systad
Lars Asle Vold

Prosjekttilsett
Helge Willy Røed

Sesongtilsette

Torill Bruaas
Tage Yivisåker
Judith Vestreim
Mari Husabø
Hilde Vik Nilsen
Silje Bøthun
Ingrid Fraas
Stine Ross Idsø
Gunnhild Torstad
Gunn Wester
Johanna Sverrisdøter

På arbeidsmarknadsstiltak
Mary Ann Menes

IV. Møte, kurs, representasjon, faglege reiser og publikasjonar

Aage Engesæter:

Foredrag om museet, Aurland sogelag 31.01.07
Møte i styringsgruppa, "Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i Sogn og Fjordane". Førde, 08.03.07.
Leikanger 22.06.08, Førde 08.11.07.
Orientering om reiselivsmuseet, Fylkestinget i Sogn og Fjordane 26.03.07
Møte med ABM-utvikling, Førde 12. 04.07
Møte for ansvarsmuseum for nasjonale museumsnettverk, Gardermoen 06.06.07
Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Norges Museumsforbund, Løen 5.-7.09.07.
Seminar om sikring av museumssamlingar. NMF sit sikringsutval. Kaupanger 17.- 18.10.
Seminar om dokumentasjon av industrimunne. Riksantikvarens utviklingsnett. Salhus 23.10.07.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Aud Ross Solberg:

Seminar i samtidtdokumentasjon på Oscarsborg 24.-26. april 2007
Seminar "Hjem på museum", Norsk folkemuseum, 14.og 15. juni 2007, med foredrag
Årsmøte i Norges Museumsforbund, Løen 5.-7.09.07.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Jan Arve Lund:

Møte i faggruppa for vemeområdet på Lærdalsøyri
Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
"Never again", Never- og torvkurs på Norsk Folkemuseum 24.28.09.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Odd Dagfinn Lereim:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Norunn Lund:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Jarle Hamre:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Lars Asle Vold

Seminar "Hjem på museum", Norsk folkemuseum, 14.og 15. juni 2007, med foredrag



Årsmøte i Norges Museumsforbund. Loen 5.-7.09.07.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Liv Byrkjeland:

Statens Landbruksforvaltning, møte i nasjonal referansegruppe .02.02
Formidlarforum, Kystmuseet. 22.-23.02
Dramakurs i regi av Formidlarforum Sogn og Fjordane, Vassenden 21-22. 03
Nettverkssamling i Kulturlandskapsnettverket, Jæren. 11.-12. 04
Kurs, foredrag: "Naturfag til glede og nytte", Sogndal. 18.-20. 04
Referansegruppa i Internasjonal veke; Sogndal 19.04
Seminar, Norske genressursar, Kristiansand. 11.-13.06
Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Sogn Regionråd, foredrag, Kaupanger. 31.08.
Årsmøte i Norges Museumsforbund. Loen Foredrag. 6.-7.09.07.
Kurs, Naturfag til glede og nytte, Førde 12.-14.09
Seminar, foredrag, "Det handler om å handle", Norheimsund 19.-2.109
Møte om nasjonalt filmprosjekt, Oslo. 2. november
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Elisabeth Dahl:

Dramakurs i regi av Formidlarforum Sogn og Fjordane, Vassenden 21-22. 03
Nettverkssamling i Kulturlandskapsnettverket, Jæren. 11.-12. 04
Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Norges Museumsforbund. Loen 7.09.07.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Anna Jorunn Avdem:

Dramakurs i regi av Formidlarforum Sogn og Fjordane, Vassenden 21-22. mars
Studietur til Jærmuseet, 11-12. april
Sogn og Fjordane lærarstempe, Sogndal 18-20 april
Konferansen Kultur og kullskapsløftet, Førde 3-4. mai
Personaltur / studietur Valdres Folkemuseum og Norsk Folkemuseum, 27-28. juni
Seminar i samband med årsmøtet i Noregs Museumsforbund, Loen 7. september
Det handler om å handle, seminar arrangert av Noregs Museumsforbund seksjon for formidling og
Hardanger Fartøyvernssenter, Norheimsund 19-21. september
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag / studietur til museum i Bergen, 15-16. november

Publikasjoner:

"Spot midt i veka," Årbok for Sogn 2007

Kristian Systad:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Norges Museumsforbund. Loen 7.09.07.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Lilli Huang:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Gunmar Dalaker:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07

Inger Marie von der Lppe:

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07
Årsmøte i Norges Museumsforbund. Loen 5.-7.09.07.
Kongress IT Forum Sogn og Fjordane. Loen 26.-27.09.07.
Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.

Publikasjoner:

Norsk Reiselivsmuseum i Årbok for Sogn 2007
Norsk Reiselivsmuseum og husa på Kaien i Balestrand i Årbok for Sogn 2007

Mary Ann Menes:

Årsmøte i Sogn og Fjordane Museumslag/Studietur til museum i Bergen 15. -16.11.



Publikasjoner:

Norsk Reiselivsmuseum og husa på Kaien i Balestrand i Årbok for Sogn 2007

Reiseliv – kva tyder egentleg omgrepa reiseliv, turisme og turist i Årbok for Sogn 2007

Helge Willy Røed

Personaltur, studietur, Valdres Folkemuseum, Norsk Folkemuseum 27. -28. 06.07

Kampagner 27. mars 2008

Gjert Heiberg

Marthe Relling

W. H. A. Hansen
Hans. Hansen

Oddvar Bakke
Knut Staal

Per Birger Lomheim

Johann Solheim

Andreas Torgersen

Trine J. Myklebust














ÅRSREKNESKAP

2007

**DE HEIBERGSKE SAMLINGER -
SOGN FOLKEMUSEUM**



| Balanse | | | |
|---|---|---|------------------|
| De Heibergske Samlinger | | | |
| Eigenkapital og gjeld | Note | 2007 | 2006 |
| Eigenkapital | 4 | 1.791.497 | 1.832.143 |
| Vedlikeholdsfond | 3 | 351.387 | 406.720 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 320.719 | 261.488 |
| Skattetrekk og andre trekk | | 380.945 | 319.120 |
| Skuldige feriepenge | | 529.520 | 411.550 |
| Forskot prosjekter | 2 | 1.543.785 | 958.419 |
| Annen kortsiktig gjeld | 6 | 4.449.067 | 52.700 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 7.224.036 | 2.003.277 |
| Sum gjeld | | 7.575.423 | 2.409.998 |
| Sum gjeld og egenkapital | | 9.366.920 | 4.242.141 |
| Kaupanger den: 27. mars 2008 | | | |
|  Gjert Heiberg Styreleder |  Johan Andreas Solheim Styremedlem |  Per Birger Lomheim Styremedlem | |
|  Aage Engesæter Muséumsdirektør |  Knut O. Aarethun Styremedlem |  Johannes Thaulé Styremedlem | |
|  Reidar Johan Mykletun Styremedlem |  Merethe Relling Styremedlem |  Kristian Systad Styremedlem | |
|  Oddbjørn Bukve Styremedlem | |  Erland Arve Fagermoen Varamedlem | |
| De Heibergske Samlinger | | Side 2 | |



DE HEIBERGSKE SAMLINGER - SOGN FOLKEMUSEUM NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2007

Note 1 OMLØPSMIDLAR

Av selskapet sine likvidar er kr. 215.793,- bundne skattetrekksmidlar.
Fordringar er vurdert til pålydande.
Varelager er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 2 DRIFTSLAUSØYRE

| | <u>Bygningar</u> | <u>Utstyr/ inventar</u> | <u>Kontor- maskiner</u> | <u>Sum</u> |
|---------------------------|------------------|-----------------------------|-----------------------------|------------|
| Anskaffelseskost 1/1 | 1.358.841 | 49.974 | 0 | 1.408.815 |
| Tilgang | 0 | 0 | 26.989 | 0 |
| Anskaffelseskost 31/12 | 1.358.841 | 49.974 | 26.989 | 1.408.815 |
| Akkumulert avskrivningar | 180.841 | 49.974 | 4.048 | 230.815 |
| Bokført verdi | 1.178.000 | 0 | 22.941 | 1.178.000 |
| Årets avskrivningar | 0 | 0 | 4.048 | 0 |
| Avskrivningssats av saldo | | 20 % | 30 % | |

Det er godtgjort at bygningane allereie er tilstrekkeleg avskreve.
Det er dermed, i samsvar med rekneskapslova § 5-3 2. ledd, ikkje føreteke avskrivningar på desse.

Sogn Folkemuseum har i 2007 hatt prosjekt kor det er mottatt tilskudd som overstig prosjekta sine kostnad. Prosjekta er i balansen presentert som forskot på prosjekt under kortsiktig gjeld.

Bygningar med bokført verdi i balansen:

| | |
|--------------------|------------|
| Båtmuseum | kr 860.000 |
| Stella | kr 110.000 |
| Gamle Shellstasjon | kr 108.000 |
| Preparantbygg | kr 100.000 |



DE HEIBERGSKE SAMLINGER - SOGN FOLKEMUSEUM NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2007

Note 2 DRIFTSLAUSØYRE FORTS, MUSEET SINE EIGEDOMAR OG HUS

Museet har sitt hovudanlegg på Vestreim, men museet har òg anlegg ved Kaupanger ferjekai og fleire hus som står att på det gamle museumsområdet i Amla. Nedanfor er lista opp museets eigedomar pr. 31.12.07.

Vestreim

Her har museet festekontrakt på eit område på 110 dekar frå Opplysningsvesenets Fond. Museet har følgjande bygningar på Vestreim:

Driftsbygningar:

1. Hovudbygning, 2900 m2. Bygget vart teke i bruk i 1980.
2. Preparantbygg med fryserom. Bygget vart ferdig i 1994.
3. Snikkarverkstad og lagerbygning

Antikvariske bygningar:

1. Helgheimsstova, ei gamal skulestove frå Sogndal Folkehøgskule. I andre høgda er det innreidd moderne husvære.
2. Underdalsstova frå 1736
3. Bergheimsstova frå 1550
4. Stavedalsstova frå 1600-åra
5. Råstabburet frå 1589
6. Otterskrestabburet
7. Geithusbui frå 1596
8. Haugastova frå byrjinga av 1800-talet
9. Hellegardstabburet frå byrjinga av 1800-talet
10. Opptunsløa, frå byrjinga av 1800-talet
11. Hestestall frå Lærdalsøyri, bygd tidleg på 1800-talet
12. Sauefjøs frå Mo på Hafslø, bygd i 1850-60 åra
13. Kyrafjøs frå Kyrkjevoll i Borgund frå 1860-70 åra
14. Haugensmia frå omlag 1850
15. Felehuset frå Borgund
16. Vetahuset frå omlag 1710
17. Leirmostova frå 1793
18. Lensmannshuset frå Kvitevoll frå 1840
19. Husmannsstova frå Henjesand, truleg bygd før 1850
20. Løa frå Henjesand
21. Naustet frå Henjesand
22. Vedahus frå Henjesand
23. Kvammeloftet frå omlag 1600
24. Kvammestova
25. Kvern frå Solvorn



DE HEIBERGSKE SAMLINGER - SOGN FOLKEMUSEUM NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2007

Note 2 DRIFTSLAUSØYRE FORTS. MUSEET SINE EIGEDOMAR OG HUS

26. "Stella-huset", ein moderne einebustad frå 1980-åra.
27. Vigdalsloftet.
28. Turk frå Engesæter
29. Melheimhuset, kårhus frå 1939.
30. Dueslag frå Nedre Amble, 1850-åra.
31. Sel frå Goro
32. Leitehuset. Einebustad frå Sogndal
33. Lysthus frå Alværa, Lavik
34. Sel frå Goro, Kaupanger (i utstilling)
35. Vik Prestegard frå 1760-talet.

I tillegg er det på området ein garasje frå Viksdalen, eigd av Statens vegvesen i Sogn og Fjordane.

Kaupanger

Museet eig her Sogn Fjordmuseum med strandtomt og utstillingsbygg på omlag 660 m² golvflate. Dessutan eig ein den gamle Shell-bensinstasjonen i Kaupanger der delar av bygningen er leigd ut. Her står også ein antikvarisk bygning, skjenkestova frå Glavær frå 1805.

Amla

På garden Øvre Amla, der museet tidlegare var lokalisert, disponerer museet framleis areal. Utstillingsbygget frå 1934, med golvareal på 900 m², står framleis, men er dels i dårleg stand på grunn av vanskelege grunnforhøve. Bygningen vert nytta til magasin. Der står og ei moderne, lafta hytte, som vart innkjøpt og nytta til kontor i 1970-åra. Av gamle hus står eit framleis att i Amla, Hemrebui frå Nordeide.

Lagra bygningar

1. Fjøs frå Vikastølen, Kaupanger
2. Naust frå Leikanger
3. Meieri frå Døsen, Luster (defekt)
4. Sauetjøs låå Lærdal (defekt)
5. Fossenstova frå Vadheim (mellomalderbygning)



**DE HEIBERGSKE SAMLINGER - SOGN FOLKEMUSEUM
NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2007**

Note 2 DRIFTSLAUSØYRE FORTS, MUSEET SINE EIGEDOMAR OG HUS

Utanom dei tre museumsområda eig museet eigedomen Elvhaug, med bustadhus garasje, og uthus, eigedomen Kyrkjeteigen i Eidet med 6 bygningar, Stedje Mølle og ei sag på Tingastad. Alle desse bygningane ligg i Sogndal kommune

Note 3 VEDLIKEHALDSFOND

Sogn Folkemuseum har motteke kr 250.000,- i gåve. Midlane er gjennom gåvebrev øyremerka til dekking av vedlikeholdskostnader på eigedomen Elvhaug. Fondet er i 2007 tilført renter og aksjeutbytte med kr.17.268,-. Gåva er bokført i rekneskapen til kr. 164.607,- og er klassifisert under kontantar, bank mv.

Vedlikeholdsfondet vart i 1998 tillagt verdien av aksjar som Sogn Folkemuseum hadde bokført i rekneskapen i 1998. Verdipapir er vurdert til lågast av virkelig verdi og anskaffelseskost. Verdipapir er oppført i rekneskapen til anskaffelseskost pr. 31.12.98 med kr 186.530,-.

Note 4 EIGENKAPITAL

| | 2007 | 2006 |
|-------------------|------------------|------------------|
| Egenkapital 1/1 | 1.832.143 | 1.816.377 |
| Årets resultat | -40.646 | 15.765 |
| Egenkapital 31/12 | <u>1.791.497</u> | <u>1.832.142</u> |

Note 5 LØNSKOSTNADAR M.V.

Selskapet har hatt gjennomsnittleg 14 fast tilsette i 2007.
I tillegg kjem det omlag 12 sesongtilsette.

Løn og andre ytingar til leiande personar:

| | 2007 | 2006 |
|--|---------|---------|
| Løn og honorar til museumsdirektør | 432.580 | 400.247 |
| Styregodtgjersle | 20.910 | 10.620 |
| Honorar til revisor for revisjon og rådgivning | 11.000 | 20.000 |

Av honorar til revisor utgjer kr 5.000,- honorar for annan rekneskapsmessig bistand



**DE HEIBERGSKE SAMLINGER - SOGN FOLKEMUSEUM
NOTAR TIL REKNEskapEN FOR 2007**

Note 5 LØNSKOSTNADAR M.V. HELD FRAM

Lønskostnadane i rekneskapen er spesifisert på:

| | | |
|---------------------|-----------|-----------|
| Løner | 4.351.277 | 3.618.995 |
| Arbeidsgjevaravgift | 569.246 | 475.124 |
| Pensjonskostnader | 587.062 | 628.356 |
| Andre ytingar | 48.029 | 122.924 |
| Sum | 5.555.614 | 4.845.399 |

Foreninga har kollektiv pensjonsforsikring for sine ansatte i Kommunal Landspensjonskasse, og oppfyller dermed krava etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Note 6 ANNA KORTSIKTIG GJELD, SPESIFIKASJON

Posten anna kortsiktig gjeld fordeler seg slik:

| | 2007 | 2006 |
|-------------------------------------|-----------|--------|
| Påløpte ikkje betalte kostnader | 33.962 | - |
| Mellomrekning Norsk Reiselivsmuseum | 4.366.305 | - |
| Forskot kontingentar | 48.800 | 52.700 |
| Sum | 4.449.067 | 52.700 |